

Folkehelseinstituttet  
Postboks 222 Skøyen  
0213 OSLO

Deres ref

Vår ref  
24/3525-

Dato  
4. juli 2025

## Supplerande tildelingsbrev nr. 2

Helse- og omsorgsdepartementet syner til handsaming i Stortinget av Prop. 146 S og Innst. 540 S (2024-2025). Under følgjer endringar i tildelingar og oppdrag som følgje av revidert nasjonalbudsjett, i tillegg til andre endringar.

Departementet vil gjere FHI merksame på at instituttet skal bidra til andre oppdrag som er gjeve til andre etatar i helsesektoren, og at dette skal vere ei prioritert oppgåve for etaten.

### Nye oppdrag:

- TB2025-28 Styrking av Folkehelseinstituttet innan biosikring og bioberedskap
- TB2025-29 Oppdrag om evaluering av utprøvinga av kommunal nettlege
- TB2025-30 Innspel til ny handlingsplan for førebygging av sjølv mord
- TB2025-31 Gjennomføring av ein registerbasert studie av helsetenesteforbruk blant arbeidstakarar i tidlegare IA-verksemder
- TB2025-32 Undersøkje om, og korleis, nasjonalt kartleggingssystem for sjølv mord kan etablerast som ei varig løysing
- TB2025-33 Bassengbadføresegna
- TB2025-34 Implementering av endringar i folkehelselova m.m.
- TB2025-35 Innspel til arbeidet med ny folkehelsemelding
- TB2025-36 Nasjonalt register for alvorlege hendingar og nesten-hendingar (uynskja hendingar)
- TB2025-37 Vurdering av personellkonsekvensar
- TB2025-38 Ordning for kunnskapsgenerering gjennom forskning og analyse
- TB2025-39 Samfunnsverknader i fullmaktgrensesaker
- TB2025-40 Prosessen for å vurdere offentleg finansiering av vaksiner

### Endringar i tildelingar:

- Kap. 710, postane 21, 22, 23
- Kap. 3710, post 03
- Kap. 745, postane 01, 21
- Kap. 3745, post 02
- Kap. 760, post 21
- Bestillingsfullmakt kap. 710, postene 21, 22, 23
- Belastningsfullmakt kap. 601, post 21
- Belastningsfullmakt kap. 1320, post 01

### Nye oppdrag

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |                      |                                                                           |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------|---------------------------------------------------------------------------|
| <b>TB2025-28</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | <b>Avd. HOD: FHA</b> | <b>Styrking av Folkehelseinstituttet innan biosikring og bioberedskap</b> |
| <p>Folkehelseinstituttet tildelast 3 mill. kroner til styrking av Folkehelseinstituttet sin kompetanse innan biosikring og bioberedskap, irekna prosjektering av ein nasjonal overvakingsfunksjon for biologiske trugsmål.</p> <p>Føremålet er å fange opp biologiske trugsmål som grunnlag for varslar om hendingar og risikovurderingar til myndene på tvers av sektorar. Tiltaket skal føre til meir nasjonal kunnskap om biosikring og bioberedskap, betre beredskap for utbrot og pandemi, og ei betre evne til å oppdage, vurdere og handtere hendingar som skuldast tilsikta og utilsikta bruk av biologiske stoff.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                      |                                                                           |
| <b>TB2025-29</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | <b>Avd.HOD: KTA</b>  | <b>Oppdrag om evaluering av utprøvinga av kommunal nettlege</b>           |
| <p><b>Bakgrunn:</b></p> <p>Regjeringa har avgjort å prøve ut ei ordning med kommunal nettlege i allmennlegetenesta i opp til 20 kommunar i 2025. Helsedirektoratet har fått i oppdrag å syte for utprøvinga, med eit utval kommuner som ynskjer å gå framføre, og som innfrir naudsynte tekniske vilkår. Norsk Helsenett SF har fått i oppdrag å tilpasse Helsenorge til ei ny digital allmennlegeteneste, støtte kommunar med å kople sine journalsystem til Helsenorge, og kjøpe ei ny løysing til kommunar som ynskjer det for å tilby ei digital allmennlegeteneste.</p> <p>Regjeringa har føreslått ei tilleggsløyving på 32 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett. Saman med dei 18 mill. kronene som allereie er tildelt i årets budsjett, utgjer den samla tildelinga til føremålet i 2025 50 mill. kroner. Helse- og omsorgsdepartementet sende 13. mai ut høyringsnotat for føresegn om forsøksordning med nettlege i allmennlegetenesta, med tre vekers høyringsfrist.</p> |                      |                                                                           |

**Føremål:** Det er sentralt for regjeringa at ein kartleggjer erfaringane frå utprøvinga, og det må difor gjerast ei god evaluering. Helse- og omsorgsdepartementet har hatt dialog med både Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet, og oppfattar at dei to etatane har felles forståing av ei tenleg oppgåvedeling i evalueringa. Helsedirektoratet skal syte for den kvalitative evalueringa, og vil lyse ut eit oppdrag om dette, som inneheld ei undersøking av organisering, brukarane og helsepersonellet si oppleving av tenesta, korleis tenesta påverkar andre delar av helsetenesta, med vidare.

**Oppdraget til Folkehelseinstituttet:** Helse- og omsorgsdepartementet ber Folkehelseinstituttet om å gjennomføre den kvantitative delen av evalueringa. Den kvantitative analysa gjerast på registerdata, og må mellom anna kartleggje i kva grad den nye tenesta verker avlastande på fastlegeordninga og kommunale legevakt, og om forsøket bidreg til eit større samla press på helsetenesta. Evalueringa skal vere eit underlag for kunnskap undervegs i utviklinga av den nye tenesta, og også for avgjerd om oppfølging etter at utprøvinga er avslutta. Evalueringsrapportane frå Folkehelseinstituttet skal innehalde ei statistisk analyse med funn frå data.

**Samarbeid med andre:** Helsedirektoratet og Norsk helsenett SF samarbeider tett om oppdraga. KS er involvert i arbeidet, og det er også andre aktørar som Legeforeningen og Oslo kommune. Helse- og omsorgsdepartementet ber Folkehelseinstituttet om å samarbeide tett med Helsedirektoratet og Norsk helsenett SF om evalueringa av utprøvinga, og involvere dei andre partane. Helsedirektoratet skal vere kontaktpunkt på vegne av Helse- og omsorgsdepartementet om planleggjing, gjennomføring og leveranse av evalueringa.

**Tildeling:** Departementet vurderer at samla budsjettbehov for arbeidet er på 2 mill. kroner, med fordeling per år på 1 mill. i 2025 og 1 mill. i 2026. Departementet vil kome tilbake til ei eventuell tildeling for 2026 i ordinære budsjettprosessar. Folkehelseinstituttet vert tildelt 1 mill. kroner til arbeidet i 2025 på kap. 760, post 21.

**Frist:** Arbeidet med evalueringa kan starte før sjølve utprøvinga startar, og bør starte når oppdraget er gjeve til Folkehelseinstituttet.

Helse- og omsorgsdepartementet ber om ein førebels evalueringsrapport innan 15. desember 2025. Tentativ frist for sluttrapport er 1. april 2027, men heng saman med endeleg omfang og lengda på utprøvinga.

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |                     |                                                                                                                         |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>TB2025-30</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | <b>Avd.HOD: KTA</b> | <b>Innspel til ny handlingsplan for førebygging av sjølv mord</b>                                                       |
| <p>Regjeringa har avgjort at det skal utarbeidast ein ny handlingsplan for førebygging av sjølv mord. Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet skal tilrå innsatsområde, resultatmål og tiltak i ein spissa og målretta handlingsplan. Både folkehelseperspektivet og tenesteperspektivet skal medreknast. Etatane skal hente inn innspel til tiltak frå den tverrdirektorale arbeidsgruppa for sjølv mordsførebygging. Økonomiske-, administrative- og personellmessige konsekvensar av tiltak som vert føreslått må det greiast ut for. Departementet ber særleg om forslag til tiltak for å adressere samanhengen mellom økonomiske problem/gjeld og sjølv mord, og om at kjønns- og mangfoldsperspektiv vert teke omsyn til.</p> <p>Leveransen bør ta utgangspunkt i erfaringar fra førre handlingsplan, og oppdatert kunnskap, medrekna resultat frå registeranalyser som Folkehelseinstituttet arbeider med. Ein bør også sjå til rapporten «Utredning av hvordan mørketall ved selvmord kan reduseres» og <i>TB2025-77 Utrede om Nasjonalt kartleggingssystem for selvmord kan etableres som en varig løsning</i>. Spørsmålet om ei eventuell vidareføring av nullvisjonen skal drøftast. Jf. også oppdrag til Helsediktoratet TB2025-95.</p> <p>Frist: Frist for leveranse er 31. mars 2026. Departementet ynsker jamlege møter med etatane undervegs i prosessen.</p>                                      |                     |                                                                                                                         |
| <b>TB2025-31</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | <b>Avd.HOD: KTA</b> | <b>Gjennomføring av ein registerbasert studie av helsetenesteforbruk blant arbeidstakarar i tidlegare IA-verksemder</b> |
| <p>Fastlegane har ei viktig rolle som portvakt og medisinsk sakkunnig i vurderinga av medisinske tilhøve som påverkar retten til ytingar frå folketrygda, mellom annet rett til sjukepengar. Samstundes er fastlegane ein avgrensa ressurs, og innsatsen må rettast dit den gjer mest nytte. Arbeidet med oppfølging av sjukmelde tek ein stor del av fastlegane si arbeidstid. Ekspertutvalet for gjennomgong av allmennlegetenesta føreslo mellom anna å utvide innbyggjarane sin rett til eigenmelding for å redusere arbeidstrykket hos fastlegane. Det er behov for meir kunnskap om potensialet for å redusere fastlegane sin tidsbruk på dokumentasjon av arbeidsuføre, og kva for konsekvensar det vil ha for sjukefråveret.</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet syner til tidlegare dialog om utvida rett til bruk av eigenmelding, og Arbeids- og velferdsdirektoratet og Helsedirektoratet sitt svar i brev frå 27. september 2024, der det vart føreslått å gjennomføre ein registerbasert studie basert på historiske data. Folkehelseinstituttet peiker på at ein slik studie kan samanlikne helsetenestebruk (medrekna sjukmeldingar) hos arbeidstakarar i føretak som gjennom IA-avtalen har utvida eigenmeldingretten (frå 3 til 8 eigenmeldingsdagar) med liknande føretak som ikkje har utvida eigenmeldingsretten (framleis 3 eigenmeldingsdagar).</p> |                     |                                                                                                                         |

Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet ber Folkehelseinstituttet no gjennomføre denne registerbaserte studien av helsetenesteforbruk hos arbeidstakarar, og kartleggje kva for konsekvensar det har hatt for bruk av sjukmelding og sjukefråver. Føremålet med oppdraget er å undersøkje i kva grad utvida eigenmeldingsrett har bidrege til ei endring i bruk av fastlegekonsultasjonar for tilsette i verksemdar der det er utvida rett til bruk av eigenmelding. Særleg skal ein undersøkje om utvida eigenmeldingsrett bidreg til å frigjere fastlegekapasitet. Studien skal også undersøkje konsekvensane ein slik rett har hatt for det samlede sjukefråveret. Folkehelseinstituttet skal ha dialog med Arbeids- og velferdsdirektoratet og Helsedirektoratet i samband med studien.

Oppdraget vert gitt i fellesskap av Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Folkehelseinstituttet vert tildelt 0,5 mill. kroner frå Helse- og omsorgsdepartementet sitt kap. 760, post 21. Folkehelseinstituttet får belastningsfullmakt på inntil 0,25 mill. kroner på Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt kap. 601, post 21.

Departementa vurderer at ressursbehovet for 2026 til dette arbeidet er på 750 000 kroner. Departementa vil kome tilbake til ei eventuell tildeling i ordinære budsjettprosessar.

Departementa ber Folkehelseinstituttet om å utarbeide ei overordna projektskisse for gjennomføring av studien, medrekna framdriftsplan og kva for problemstillingar som studien skal freiste å gje svar på. Endeleg frist for oppdraget vert avgjort basert på projektskissa for studien.

Frist: Departementa ber om at projektskissa for studien vert oversendt til departementa innan 22. august 2025.

|                  |                      |                            |
|------------------|----------------------|----------------------------|
| <b>TB2025-33</b> | <b>Avd. HOD: FHA</b> | <b>Bassengbadføresegna</b> |
|------------------|----------------------|----------------------------|

Folkehelseinstituttet skal bidra i Helsedirektoratet sitt arbeid med oppdatert høyringsutkast om endringar i føresegn om badeanlegg, bassengbad og badstu m.v, mellom anna med oppdatert kunnskap om helserisiko i bassengbad. Jf. oppdrag til Helsedirektoratet TB2025-92.

Frist: 15. oktober 2025

|                  |                      |                                                          |
|------------------|----------------------|----------------------------------------------------------|
| <b>TB2025-34</b> | <b>Avd. HOD: FHA</b> | <b>Implementering av endringar i folkehelselova m.m.</b> |
|------------------|----------------------|----------------------------------------------------------|

Gjennom endringar i folkehelselova får Folkehelseinstituttet eit lovpålagt ansvar for overvaking, råd og rettleiing innan smittevern og miljømedisin. Dette oppdraget er særleg knytt til ansvaret innan miljømedisin.

Departementet ber Folkehelseinstituttet lage ei skildring av operasjonaliseringa av rolla og ein plan for å oppfylle ansvaret, i ljøs av ulike endringar i lova. Planen skal vere ein del av Helsedirektoratet sin plan for endringar i folkehelselova. Helsedirektoratet har fått i oppdrag å lage eit forslag til iverksetjinsplan innan 15. juni, som grunnlag for eit møte i departementet. Folkehelseinstituttet vert invitert til dette møtet.

|                  |                      |                                                      |
|------------------|----------------------|------------------------------------------------------|
| <b>TB2025-35</b> | <b>Avd. HOD: FHA</b> | <b>Innspel til arbeidet med ny folkehelsemelding</b> |
|------------------|----------------------|------------------------------------------------------|

Helse- og omsorgsdepartementet ber Folkehelseinstituttet om innspel til arbeidet med ny folkehelsemelding, gjennom to deloppdrag. Departementet ber om at instituttet i leveransane tek utgangspunkt i både det langsiktige folkehelsearbeidet, og i arbeidet med å verne folket mot helsetrugs mål og konsekvensar av helsetrugs mål, med utgangspunkt i den geopolitiske situasjonen. Det vert jamlege dialogmøter mellom departementet og etatane, jf. og oppdrag TB-2025-94 til Helsedirektoratet.

- Folkehelseinstituttet skal gje innspel til aktuell innretning av den neste folkehelsemeldinga. Frist er 1. oktober 2025.
- Folkehelseinstituttet skal gje innspel til departementet om «nødvendig oversikt over helse og livskvalitet i befolkningen, og de positive og negative faktorer som kan virke inn på denne», jf. dei føreslåtte endringane i folkehelselova § 22.  
Folkehelseinstituttet skal ta omsyn til vurderingar av sjukdomsbyrde, tydinga av ulike risikofaktorar og førebyggingspotensialet. I tillegg skal det leverast innspel som tek utgangspunkt i aktuelle helsetrugs mål, og tek omsyn til erfaringane frå pandemien og den aktuelle geopolitiske situasjonen. Helsedirektoratet og – ved behov – Direktoratet for medisinske produkt, Mattilsynet og Direktoratet for strålevern og atomtryggleik, skal involverast i arbeidet. Frist er innan 31. desember 2025.

Det vert lagt til grunn at Folkehelse rapporten vert oppdater løpande, og at det vert gjort ei samla oppdatering av nettkapitla innan 1. september 2026.

|                  |                      |                                                                                           |
|------------------|----------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>TB2025-36</b> | <b>Avd. HOD: SHA</b> | <b>Nasjonalt register for alvorlege hendingar og nesten-hendingar (uynskja hendingar)</b> |
|------------------|----------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------|

Departementet syner til innspel frå Helsedirektoratet om nasjonalt register for alvorlege hendingar og nesten-hendingar. Som ei oppfølging av innspelet får Folkehelseinstituttet i oppdrag å etablere eit kvalitetsforbetningsprosjekt som legg til rette for tilgong til, og analyse av, alvorlege hendingar og nesten-hendingar (uynskja hendingar) på nasjonalt nivå.

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |                      |                                                                     |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------|---------------------------------------------------------------------|
| <p>Helsedirektoratet skal bidra i prosjektet, inkludert med å fremje pasienttryggleik og kompetanse, og oppdatere/vidareutvikle NOKUP for spesialisthelsetenesta, i tillegg til å kartlegge avvikssystemet og kodeverk i den kommunale helse- og omsorgstenesta.</p> <p>Frist: Departementet kommer tilbake med nærmere frister</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                      |                                                                     |
| <b>TB2025-37</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | <b>Avd. HOD: SHA</b> | <b>Vurdering av personellkonsekvensar</b>                           |
| <p>Personellkonsekvensar skal undersøkjast spesifikt som ein del av avgjersoppdraget for prioriteringar innanfor rammene av ressurskriteriet, jf. <i>Meld St. 21 (2024-2025) Helse for alle. Rettferdig prioritering i vår felles helsetjeneste</i>. Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet, Direktoratet for medisinske produkt, dei regionale helseføretaka og KS skal i samarbeid utarbeide metodar eller faktorar som skal nyttast til å vurdere personellkonsekvensar for prioriteringar i helse- og omsorgstenesta. Helsedirektoratet skal leie arbeidet.</p> <p>Frist: Departementet kommer tilbake med nærmere frister</p> |                      |                                                                     |
| <b>TB2025-38</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | <b>Avd. HOD: SHA</b> | <b>Ordning for kunnskapsgenerering gjennom forskning og analyse</b> |
| <p>Departementet syner til revidert oppdragsdokument til dei regionale helseføretaka og oppdrag om å utgreie ei ordning for å skaffe naudsynt kunnskap gjennom forskning og/eller analyse ved stor utryggleik. Folkehelseinstituttet skal bidra i arbeidet med bakgrunn i instituttet sin kompetanse og ansvarsområde.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                      |                                                                     |
| <b>TB2025-39</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | <b>Avd. HOD: SHA</b> | <b>Samfunnsverknader i fullmaktgrensesaker</b>                      |
| <p>Direktoratet for medisinske produkt skal i samarbeid med Folkehelseinstituttet undersøkje korleis store samfunnsverknader ut over budsjettkonsekvensar for helse- og omsorgsbudsjettet, skal gjerast greie for i saker som må handsamast av Stortinget. Oppdraget må sjåast i samanheng med oppdrag for 2025 om presisering av avgjerdene i regelverket som regulerer fullmaktsgrensa.</p> <p>Frist: Departementet kommer tilbake med nærmere frister</p>                                                                                                                                                                         |                      |                                                                     |
| <b>TB2025-40</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | <b>Avd. HOD: FHA</b> | <b>Proessen for å vurdere offentlig finansiering av vaksiner</b>    |

Folkehelseinstituttet og Direktoratet for medisinske produkt skal undersøkje korleis prosessen for å vurdere offentleg finansiering av vaksiner i vaksinasjonsprogram kan tilpassast utgreiingsinstruksen sine krav. Etatane skal leggje til grunn at verknader av endringar i vaksinasjonsprogram skal vurderast i eit samfunnsperspektiv. Etatane skal ta utgangspunkt i noverande system for å vurdere offentleg finansiering av vaksiner i vaksinasjonsprogram, og føreslå moglegheiter for forenkling av prosessen innanfor utgreiingsinstruksen sine krav.

Frist: Departementet kommer tilbake med nærmere frister

## Endringar i tildelingar

### Kap. 710, post 21

Tildelinga på posten aukast med 5 mill. kroner som følgje av endra prognose for nye vaksineavtalar, forventa etterspurnad og lagerhald.

| (i 1 000 kroner) |                                |                    |                    |
|------------------|--------------------------------|--------------------|--------------------|
| Kap.post         | Sum tildeling 2025<br>e. STB 1 | Ny tildeling STB 2 | Sum tildeling 2025 |
| 710.21           | 298 753                        | 5 000              | 303 753            |

### Kap. 710, post 22

Tildelinga på posten aukast med 16,4 mill. kroner som følgje av endra prognose for nye vaksineavtalar, forventa etterspurnad og lagerhald.

| Kap.post | Sum tildeling 2025<br>e. STB 1 | Ny tildeling STB 2 | Sum tildeling 2025 |
|----------|--------------------------------|--------------------|--------------------|
| 710.22   | 174 598                        | 16 402             | 191 000            |

### Kap. 710, post 23

- Tildelinga aukast med 13,8 mill. kroner til omlegging av systemet for eigenbetaling i voksenvaksinasjonsprogrammet. Kommunane skal ikkje fakturerast for vaksinane dei bestiller frå Folkehelseinstituttet. Endringa inneber at eigenbetalinga ved korona- og pneumokokkvaksine (inntil 25 pst.) reknast samla for vaksine og vaksinasjon. Føremålet er å ta omsyn til konfidensielle vaksineprisar.
- Tildelinga reduserast med 19,7 mill. kroner som følgje av endra prognose, irekna konsekvensar av ny avtale for kjøp av sesonginfluensa hausten 2024 (4 års varigheit), og oppdatert estimat for kjøp av pneumokokkvaksine, som vil gjelde frå 2025.

Samla reduserast tildelinga med 5,925 mill. kroner.

(i 1 000 kroner)

| Kap.post | Sum tildeling 2025<br>e. STB 1 | Ny tildeling STB 2 | Sum tildeling 2025 |
|----------|--------------------------------|--------------------|--------------------|
| 710.23   | 419 030                        | - 5 925            | 413 105            |

#### Kap. 3710

- Inntektskravet reduserast med 41,2 mill. kroner som følgje av endring utrekninga av eigenbetaling i vaksenvaksinasjonsprogrammet, jf. omtale over.
- Inntektskravet reduserast med 7,1 mill. kroner som følgje av endra prognose for nye vaksineavtaler, forventa etterspurnad og lagerhald.

Samla reduserast inntektskravet med 48,3 mill. kroner.

(i 1 000 kroner)

| Kap.post | Sum tildeling 2025<br>e. STB 1 | Ny tildeling STB 2 | Sum tildeling 2025 |
|----------|--------------------------------|--------------------|--------------------|
| 3710.03  | 340 486                        | - 48 325           | 292 161            |

#### Kap. 745, post 01

- Tildelinga på posten aukast med 3 mill. kroner til biosikring og bioberedskap, jf. oppdrag TB2025-28.
- Tildelinga på posten reduserast med 48,8 mill. kroner eksternfinansiert virksomhet i forbindelse med innlemmelse av Kreftregisteret og Norsk pasientregistre (NPR) i Folkehelseinstituttet, jamfør flytting til kap.post 745.21.
- Tildelinga på posten reduserast med 10 mill. kroner knytt til prosjektet HPV-heimetest i screeningprogrammet for livmorhalskreft.
- Tildelinga på posten reduserast med 1 mill. kroner til Health Term, som ved ein inkurie har blitt tildelt på kap. 745, post 01. Midlane flyttast til kap. 740 Helsedirektoratet.

(i 1 000 kroner)

| Kap.post | Sum tildeling 2025<br>e. STB 1 | Ny tildeling STB 2 | Sum tildeling 2025 |
|----------|--------------------------------|--------------------|--------------------|
| 745.01   | 1 687 023                      | - 56 800           | 1 630 223          |

#### Kap. 745, post 21

- Tildelinga på posten aukast med 92,8 mill. kroner, jf. flytting av 48,8 mill. kroner fra kap./post 745.01 og økt bevilgning på 44 mill. kroner mot tilsvarende økning på

kap.post 3745.02. 92,8 mill. kroner tilsvarer estimert nivå på Kreftregisterets eksternfinansierte virksomhet i 2025 inkl. Norsk pasientregistre. Arbeidet med tarmscreening utgjør 55,5 mill. kroner av totalbeløpet.

- Tildeling på posten aukast med 10 mill. kroner knytt til prosjektet HPV-heimetest i screeningprogrammet for livmorhalskreft.

(i 1 000 kroner)

| Kap.post | Sum tildeling 2025<br>e. STB 1 | Ny tildeling STB 2 | Sum tildeling 2025 |
|----------|--------------------------------|--------------------|--------------------|
| 745.21   | 223 417                        | 102 800            | 326 217            |

### Kap. 3745, post 02

Inntektskravet på posten aukast med 44 mill. kroner, jamfør auka tildeling knytt til eksternfinansierte virksomhet på kap./post 745.21.

(i 1 000 kroner)

| Kap.post | Sum tildeling 2025<br>e. STB 1 | Ny tildeling STB 2 | Sum tildeling 2025 |
|----------|--------------------------------|--------------------|--------------------|
| 3745.02  | 280 244                        | 44 000             | 324 244            |

### Kap. 760, post 21

- Folkehelseinstituttet tildelast 1 mill kroner til oppdrag om evaluering av utprøvinga av kommunal nettlege, jf. oppdrag TB2025-29.
- Folkehelseinstituttet tildelast 0,5 mill kroner til oppdrag om gjennomføring av ein registerbasert studie av helsetenesteforbruk hos arbeidstakarar i tidlegare IA-verksemder, jf. oppdrag TB2025-31.

(i 1 000 kroner)

| Kap.post | Sum tildeling 2025<br>e. STB 1 | Ny tildeling STB 2 | Sum tildeling 2025 |
|----------|--------------------------------|--------------------|--------------------|
| 760.21   | 420 511                        | 1 500              | 422 011            |

### Bestillingsfullmakt

Helse- og omsorgsdepartementet gjev Folkehelseinstituttet fullmakt til å gjere bestillingar utover gjevne løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gamalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

| Kap. | Post | Namn         | Samla ramme |
|------|------|--------------|-------------|
| 710  |      | Vaksiner mv. |             |

|  |    |                                                 |                   |
|--|----|-------------------------------------------------|-------------------|
|  | 21 | Spesielle driftsutgifter                        | 85,5 mill. kroner |
|  | 22 | Salgs- og beredskapsprodukter m.m.              | 100 mill. kroner  |
|  | 23 | Vaksinasjonsprogram for voksne og risikogrupper | 245 mill. kroner  |

## **Belastingsfullmakt**

### **Kap. 601, post 21**

Helse- og omsorgsdepartementet delegerer fullmakt frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet til å belaste kap. 601, post 21, med inntil 0,25 mill. kroner i 2025 til arbeid med oppdrag TB2025-31.

### **Kap. 1320, post 01**

Helse- og omsorgsdepartementet delegerer fullmakt frå Samferdselsdepartementet til å belaste kap. 1320 Statens vegvesen, post 01 Driftsutgifter, med inntil 7,2 mill. kroner i 2025.

Midlane skal nyttast til gjennomføring av «Fyrtårnprosjektet – registrering av skader, analyse og bruk». 200 000 kroner av midlane er ubrukte midlar overførte frå statsbudsjettet 2024, jf. Folkehelseinstituttet si søknad i rapporteringa til statsrekneskapen for 2024.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at Folkehelseinstituttet som mottakar av fullmakta, er arbeidsgjevar for personell som lønast av dei midlane fullmakta stiller til disposisjon. Folkehelseinstituttet skal rapportere på midlane i ordinær styringslinje til Helse- og omsorgsdepartementet.

Med hilsen

Thomas Neby Baardseng (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Vibeke Helene Riekeles  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Kopi

Direktoratet for medisinske produkter  
Helsedirektoratet  
Riksrevisjonen